



Kyrkja i Vestre Slidre

Visitaserapport Røn sokn

Det er to kyrkjer i Røn sokn: Røn kyrkje frå 1748 og Øyjar kapell frå 1964. Øyjar vart bygd ved kyrkjegarden som har vore i kontinuerleg bruk frå 1300 – talet, og der låg det også ei stavkyrkje fram til 1747 – 48.

Det ligg ei stavkyrkjetomt øvst i bygda, på Fystro. Kyrkja vart riven i 1748, utgraving er ikkje gjort. Folk i Røn er glade i og stolte av kyrkjene sine og stiller opp.

Røn sokn eig også kyrkjestogo frå 1986, denne leiger me ut til ymse tilstellingar: Dåp og minnesamver td.

Soknerådet arbeider svært bra, ingen sak å få gjennomført nesten kva det skulle vera.

Soknerådet har i 2024 vore samansett slik:

- | | |
|--|--|
| • Leiar i sokneråd og fellesråd | Marianne Tuvmarken |
| • Nestleiar og repr diakoniutval | Espen Før |
| • Skrivar og kyrjebladansvarleg | Johanna Fuglesteg |
| • Kasserar og plakatanvarleg | Anne Marie Snortheimsmoen |
| • Medlem og telegramansvarleg | Britt Helen Moe |
| • Medlem og repr i fellesråd | Ole Martin Ringen |
| • Møtande varamedlem, gudstenesteutval | Ådne Geicke Kolbjørnshus |
| • Andre varamedlemar: | Magnus Isaksen, Rolf Olav Nyhagen, Kirsten Røine,
Aud Ingunn Sørensen |
| • Fast medlem | Sokneprest Janne Sukka |

Årsstatistikk 2024

Soknerådet har hatt fem møter og har handsama 43 saker.

17 messer i Røn sokn, av dei to i Øyjar, ei på Vasetstølen og ei som skulle ha vore ved stavkyrkjetomta på Fystro, men som på grunn av regn vart flytt til gamleskolen i Røn.

650 deltakarar alt i alt

188 nattverdsgjester

1 vigsel med 36 deltakarar

2 døypte, 1 i Røn og 1 i Øyjar

7 konfirmantar

8 gravferder med

607 deltakarar

Femåringane i barnehagen var på besøk i kyrkja før jul og fekk vera med og framføre juleevangeliet: 15 deltakarar

Konsert i høve 60 – årsjubileet i Øyjar: 45 deltakarar

Tilsaman har minst 1248 personar vore innom kyrkjene våre i løpet av 2024

Aktuelle saker i 2024:

Fasteaksjon frå kyrkjestogo 17. mars.

Dugnad på kyrkjegardane 6. og 7. mai med mellom 20 og 30 deltakarar, det vart sett opp nye oppslagstavler ved båd kyrkjene.

Pynta i Røn kyrkje til 17. mai og til konfirmasjonen 26. mai, sorterte telegram og delte ut roser til konfirmantane

Me planta, vatna og stelte 14 legatgraver; 10 ved Røn og 4 ved Øyjar

15. september arrangerte me, i høve 60-årsjubileet, konsert med Ingrid Lingaas Fossum og Vemund Olav Aukrust i Øyjar kapell. Takk til Ådne som fekk i stand konserten i samarbeid med «Hilme året rundt». Jørn Hilmestemnet er eit stort folkemusikkstemne på Fagernes.

Bok om Øyjar kjem ut dette kalenderåret. Det har kome inn ein god del meir informasjon om byggjinga etter konserten i fjor haust.

Me held «Mat og messe» i Røn 15. oktober, fyrst fekk kyrkjelyden kveldsmat i kyrkjestogo, så gjekk me til kyrkjes til ei kort messe med song, kort bøn og nydeleg musikk. Takk til Janne prest for initiativet, dette gav meirsmak! Storsalen i Røn kyrkjestogo vart beisa, det vart svært bra! Me har att pengar på bok enno, då blir det gardiner!

Søraurdalskoret, Vestre Slidre sanglag og Røn musikklag held julekonsert i Røn kyrkje 17. desember, Soknerådet fann juletre og pynta det, ynskte velkomen og vel heim.

Utfordringar:

Korleis gjera kyrkja vår endå viktigare for folk flest?

Fleire samarbeidspartnarar og medsamansvorne?

Mål for 2025:

Fylgje årshjulet.

Reklamere for bruk av kyrkjestogo, den kan og bør brukast meir!

Bruke Øyjar til konsert ein gong i året

Framsnakke kyrkja

Vera med og arrangere bispevisitas til hausten.